

# INNOVASJON I HELSE FØRDE

## STATUSRAPPORT JUNI 2023

### FAG OG UTVIKLINGSAVDELINGA

### SEKSJON FOR FORSKING OG INNOVASJON



*Bilete frå Helseinnovasjonskonferansen 2023. Konferansen var digital, og Norse Feedback sine lokale i PEAK Sunnfjord vart nytta som studio.*

*Foto: John Eirik Anfinsen/ e-Helse Vestland*

## Innhold

Innleiing	2
1.1 Status søknader	2
1.2 Kvalitetssystem for innovasjon	4
1.2.1 ABC for innovasjon	4
1.2.2 Retningslinjer for samarbeid med private aktører	4
1.2.3 Retningslinjer for fordeling av rettar til arbeidsresultat	5
2.0 Samhandling med omgjevnadene - eksempel	6
3.0 Skape kultur for innovasjon – nokre aktivitetar	7
3.1 Intern innovasjonsdag	7
3.2 Helseinnovasjonskonferansen 2023	7
3.3 Prosjekt Felles utvikling av campusområde på Vie	8
3.4 Samarbeidsprosjekt VR	9
3.5 Leverandørutviklingsprogrammet	9
4. Oppsummering	9

## Innleiing

### 1.0 Innovasjonsarbeidet i føretaket

Helse Førde har administrative ressursar knytt til innovasjonsarbeid plassert i Fag og utviklingsavdelinga, seksjon for forskning og innovasjon. Det er ein innovasjonsrådgjevar som har delt stilling mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. I tillegg har vi trainee gjennom Framtidsfylket sitt traineeprogram som har bistått i arbeidet med innovasjon. Desse ressursane bistår tilsette ute i klinikkane som har pågåande innovasjonsprosjekt, eller ønskjer å komme i gang med prosjekt. Til liks med forskning er det ein viktig premis at innovasjonsarbeidet skal skje ute i klinikkane der dei tilsette og pasientane er, og at FOI-seksjonen skal rådgje og bistå der det er behov.

Regionalt deltek Helse Førde i regionalt innovasjonsforum. Der er alle helseføretaka i Helse Vest er representerte, og i tillegg Sykehusinnkjøp, Sjukehusapoteka Vest og Haraldsplass diakonale sjukehus (representant for dei private ideelle sjukehusa). Forumet har regelmessige møter der det vert tatt opp aktuelle tema som er relevante på tvers av føretaka. Det er også ein viktig arena for å knyte kontaktar med andre som jobbar med innovasjon i regionen.

### 1.1 Status søknader

Interne innovasjonsmidlar:

Helse Førde lyser årleg ut interne innovasjonsmidlar. Samla sum for tildeling er 500 000 kroner. Dette er eit viktig verkemiddel for å stimulere innovasjonsaktiviteten i føretaket og bygge innovasjonskultur. For å sikre kvalitet i vurdering av søknadane er vurderingskomiteen samansett av både eksterne og interne medlemmer, der særleg dei eksterne har spisskompetanse på innovasjon. I utlysinga vart det lagt vekt på prosjekt som støttar opp om følgjande tema:

- Nye arbeidsformer, samarbeid mellom tenesteområde og tenesteledd
- Pasientar og pårørande sin helsekompetanse og medverknad
- Betre bruk av teknologi

Til søknadsfristen 1.desember kom det inn sju søknadar, og fire fekk tildeling. Tre av prosjekta som fekk tildeling har vore aktive ei stund og er i implementeringsfase, medan eitt prosjekt er i oppstartsfasen.

Tabell 1: tildelingar interne innovasjonsmidlar 2023

Namn på prosjekt	Prosjektleiari	Avdeling
Pust deg Bedre -Vegen til ein kvalitetsstempla og godkjent helseapp	Elin Johnsen	Samhandling og tverrprofesjonelle tenester
Etablering av ein virtuell preoperativ poliklinikk	Gitta Sas	Kirurgisk klinikk
Avansert persontilpassa progresjonsmåling i rehabilitering etter hjerneslag (Appirh)	Jeanette Svarstad	Samhandling og tverrprofesjonelle tenester

Kompetanseløft for stomiopererte, pårørende og helsepersonell gjennom felles tilgang til kunnskapsbasert informasjonsmateriell i HV	Kirsten Indrebø	Kirurgisk avdeling
---	-----------------	--------------------

### Søknader til Helse Vest:


Helse Førde sendte inn fem søknadar til Helse Vest si utlysning med søknadsfrist 7.oktober. To prosjekt var i kategorien «Nye prosjekt» og tre i kategorien «Idéoverføring». Sistnemnde kategori er for prosjekt som allereie er implementert ein annan stad i landet, og så kan ein søkje om midlar for også å implementere i eige føretak. Helse Førde fekk tildeling til eitt prosjekt i kategorien nye prosjekt, «*Individualisert behandlingsplan for smerte etter kirurgi*», og to prosjekt i kategorien idéoverføring, «*Brukarstyrt poliklinikk for handleddsbrot*» og «*Brukarstyrt digital oppfølging ved epilepsi*».

### Søknader til Forskningsrådet:


Helse Førde har fått forprosjektmidlar gjennom Forskningsrådet sitt program Pilot Helse til prosjektet «Norse Impact: teknologi for treffsikre tjenester innen psykisk helse hjemme hos pasienten». HFD er også partner i ein forprosjektsøknad knytt til bruk av droner i helsevesenet, der firmaet Aviant AS er søker.

Søknadsaktiviteten har jamt over vore høg også i 2022, og tilslag på eksterne midlar vitnar også om god kvalitet på prosjekta. Sett over fleire år har tal søknadar auka, og det er aktivitet i alle klinikkar. I dei første åra var midlar frå Helse Vest ei viktig kjelde for å stimulere til innovasjonsaktivitet. Med åra har konkurransen blitt hardare også her, noko som medfører at det er endå viktigare å ha interne innovasjonsmidlar som våre tilsette kan søkje på.

Helse Førde vil halde fram arbeidet med å søkje eksterne midlar, samtidig som vi set av midlar i eige føretak. Gradvis vil dette heve kompetansen på innovasjonsfeltet internt og bidra til innovasjonskultur.



Figur 1: tal søknader internt og eksternt i perioden 2015-2023. Totalt 27 søknadar til eksterne kjelder, **85% innvilging**




Figur 2: Tildelte innovasjonsmidlar i HFD i perioden 2015-2023, fordelt på interne midlar, HV-midlar, og andre eksterne kjelder.

## 1.2 Kvalitetssystem for innovasjon

Det har blitt jobba målretta med å lage føreseielege strukturar og støttesystem som skal bistå dei tilsette i innovasjonsarbeidet. Internkontrollsystemet er gradvis blitt utvida og inneheld no fleire verktøy og prosedyrar som bidreg til dette. Under er nokre utvalde nemnd.

### 1.2.1 ABC for innovasjon

Som følge av auka aktivitet på område aukar også behovet for å ha føreseielege strukturar som gjer det enkelt for både idehavarar, leiarar og administrativt tilsette å navigere. Helse Førde har difor laga ein [ABC for innovasjon](#), som viser heile innovasjonsprosessen frå idé til implementering og deling. Kartet er interaktivt, og ein kan klikke seg inn på dei ulike fasane for å få meir informasjon om kva som skal skje i dei ulike fasane, kven ein bør snakke med, kva ein bør tenke gjennom osv. Målet med kartet er å gjere det enklare for både idéhavar og næraste leiar å få ei oversikt over kva som ventar i dei ulike stega, då ein innovasjonsprosess kan vere ukjent terreng for ein kliniskar.



Figur 3: ABC for innovasjon i Helse Førde

### 1.2.2 Retningslinjer for samarbeid med private aktørar

Helse Førde har dei seinare åra fått meir erfaring med samarbeid med private aktørar knytt til forskings -og innovasjonsprosjekt. Helsenæringsmeldinga<sup>1</sup> som kom i 2019 legg tydelege føringar på at næringslivssamarbeid i helsesektoren er ein ønska veg å gå. Erfaringa så langt

<sup>1</sup> [Meld. St. 18 \(2018–2019\) - regjeringen.no](#)

er at ein ofte vert litt usikker i samhandling med private aktørar, då ein er redd for å bryte regelverk om t.d offentlege anskaffingar. For å skape litt meir føreseielege rammer for dei tilsette og leiarar i Helse Førde er det difor utarbeidd nokre retningslinjer for samarbeid med private aktørar (vedlegg 1). Desse legg nokre overordna førande prinsipp for samhandling med private, deriblant krav om full openheit i alle samarbeidsrelasjonar HFD har med private aktørar, og at alt slikt samarbeid skal vere tufta på fagleg relevans og mål om å bidra til betre kvalitet på helsetenestene vi leverer. I tillegg er det laga ei «verktøykasse» av avtalemalar ein kan bruke, og sjekkliste for innovasjonsprosjekt.

### **1.2.3 Retningslinjer for fordeling av rettar til arbeidsresultat**


Det har vore eit regionalt arbeid knytt til reglement for overføring av rettar til arbeidsresultat frå arbeidstakar til arbeidsgjevar, som eit ledd i å følge opp Helsenæringsmeldinga og HelseOmsorg 21 sine tydelege føringar for å skape ei helsenæring. Tidlegare retningslinjer i Helse Vest var utdaterte og ikkje eigna til å skape ein einsarta praksis i føretaka. Direktørmøtet i Helse Vest gav tilslutnad til dei overordna retningslinjene i juni 2022, og desse er no tilpassa HFD sin fullmaktstruktur (vedlegg 2). Desse vart vedteke i føretaksleiinga i Helse Førde våren 2023.

Retningslinja skildrar korleis ein forvaltar immaterielle rettar (IPR)<sup>2</sup>. Dette er eit krevjande og relativt nytt område som kan vere vanskeleg å forstå, men viktig å ha føringar på når arbeidsresultat skal kommersialiserast. Helse Førde nyttar Kunnskapsparken Vestland som sin kommersialiseringsaktør, og støttar seg på dei i saker som gjeld kommersialisering av idéar/prosjekt. KPV har også kompetanse på IPR.

---

<sup>2</sup> IPR er ei samlenemning for rettar til m.a patent -, opphavs, -varemerke -og designretten. Det gir innehavaren einerett til å nytte det som er beskytta.

## 2.0 Samhandling med omgjevnadene - eksempel



I tidleg fase hadde Partly ein workshop i HFD for å sjå på ulike konsept for 3D-printing

Helse Førde har i samarbeid med firmaet Partly i Høyanger sett på ulike konsept for 3D-printing i helsesektoren. Etter ein idé frå ein av Helse Førde sine tilsette, har firmaet utvikla ein fotskammel til bruk i sårstell. Skammelen gjer sårstellet enklare og mindre arbeidskrevjande, då ein kan klare å utføre arbeidet åleine i staden for å vere ein pleiar som held foten og ein som utfører sårstellet. Partly ønskjer no å ta produktet ut i marknaden, og ein er i dialog med firmaet om kva rolle Helse Førde skal ha. Denne forma for samarbeid har HFD ikkje erfaring med frå tidlegare, men vi trur og håpar det kan bidra til god omdømmebygging for føretaket, og auka aktivitet for firmaet.

Firmaet Getting Better frå Finland samarbeider med ein ergoterapeut ved Førde Sentralsjukehus i eit VR-prosjekt. Målet med prosjektet er å bruke tilrettelagte aktivitetar og opplevingar i VR for kreftpasientar som mottek cellegiftbehandling på kreftpoliklinikken. Ved hjelp av VR-teknologi ønskjer ein å tilby pasientar eit terapeutisk tiltak som kan gi eit «friminutt frå sjukdom».

Norse Feedback var det første prosjektet i Helse Førde som har gått heile vegen frå ide til kommersialisering. Firmaet Norse Feedback AS er i dag eit veletablert teknologiselskap med i



F.v: John Mellor-Clark (CEO Core IMS), Joachim Vie (dagleg leiar Norse Feedback), Christian Moltu (Gründer og styreleiar).  
Foto: Norse Feedback.

underkant av 20 tilsette og hovudkontor i Førde. Firmaet vart kåra til årets helseteknologi-gründer under Helseteknologikonferansen 2021<sup>3</sup>, og har nyleg kjøpt opp den største leverandøren av klinisk tilbakemeldingssystem innan psykisk helsevern i Storbritannia, Core IMS. <sup>4</sup>Oppkjøpet er eit resultat av langvarig samarbeid mellom partane, og dagleg leiar i firmaet har også ei bistilling i

<sup>3</sup> <https://www.dagensmedisin.no/barn-og-unge-folkehelse-forskning/vant-grnderpris-for-digitalt-samtaleverktøy/463294>

<sup>4</sup> <https://www.dagensmedisin.no/forskning-psykisk-helse-teknologi/vant-grnderpris-for-digitalt-verktoy-innen-psykisk-helse-na-har-de-kjøpt-opp-den-storste-leverandoren-i-storbritannia/561526>

forskningsgruppa PERSONFORSK i Helse Førde. Ved å kjøpe det britiske firmaet sikrar ein seg nye marknadsandelar i Europa, og moglegheit for ytterlegare vekst aukar. Dette vil på sikt også bidra til inntekter til Helse Førde, som kan brukast på FOI-aktivitet.

### 3.0 Skape kultur for innovasjon – nokre aktivitetar

#### 3.1 Intern innovasjonsdag

Eitt av dei viktigaste tiltaka for å skape ein kultur for innovasjon internt i føretaket er å skape møteplassar på tvers av fag og klinikkar. I mars fekk HFD besøk av Norwegian Smart Care Cluster, som hadde eit kurs i Design thinking for tilsette. NSCC er ei helseklynge med mange medlemmer frå offentleg og privat sektor, inkludert HFD. Klynga kan bidra til nettverksbygging på tvers av sektorar, i tillegg til at dei har testfasilitetar (NSCLab).



«Design thinking» er ein metodikk som er utforskande og set brukaren i fokus. På kurset i HFD brukte ein vårt eige Idemottak




som case, der ein såg på korleis ein skulle få eit større tilfang av idear frå tilsette og omverda. Metodikken eignar seg også godt i OU-prosjekt, der ein skal sjå på t.d nye måtar å arbeide på.

#### 3.2 Helseinnovasjonskonferansen 2023

Også i år vart Helseinnovasjonskonferansen arrangert digitalt. Det var 405 påmelde frå heile landet fordelt på offentleg sektor, privat næringsliv og academia. Føremålet med konferansen er å skape ein møteplass for aktørar med felles interesse for innovasjon og verdiskaping i helsesektoren. Konferansen har bidrege til god omdømmebygging for helseføretaket, og har etter kvart opparbeidd seg ein sentral plass i det nasjonale landskapet av konferansar kring helseinnovasjon. Det er ressurskrevjande å arrangere konferansen, og HFD har difor bestemt seg for å arrangere konferansen annakvart år i framtida. Opptak av årets konferansen finn du her: [www.helseinnovasjonskonferansen.no](http://www.helseinnovasjonskonferansen.no)





### 3.3 Prosjekt Felles utvikling av campusområde på Vie

I 2021 vart det gjennomført eit forprosjekt i samarbeid mellom HFD og HVL for å sjå på felles utvikling av campusområde på Vie. Forprosjektet si tilråding var å gå vidare med planane, og i samarbeidsmøte på nivå 1 mellom Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde vart det i vår vedteke oppstart av eit hovudprosjekt. Målet med prosjektet er å legge grunnlaget for å etablere ein framtidretta helsecampus som kan bidra til å styrke kompetansmiljøet og gjere Førde meir attraktiv som studie -og arbeidsstad. Universitetet i Bergen og Sunnfjord kommune er også med i hovudprosjektet. Det er tilsett prosjektleiar i 50% stilling, finansiert av dei fire samarbeidspartnarane, og prosjektstøtte i 20% stilling (HFD). Prosjektet skal levere sluttrapport våren 2024. I dette arbeidet ser vi til andre stader i landet, der ein har kome lenger med slike fellesskap. Dette vert også eit viktig arbeid for å styrke innovasjonskulturen og samarbeid med omgjevnadane.

### 3.4 Samarbeidsprosjekt VR

Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet har dette året jobba saman om å kartlegge eksisterande bruk og framtidig moglegheit til auka bruk av VR til helserelevante føremål; kompetanseheving, utdanning, simulering, rehabilitering osv. Undervegs i arbeidet har det blitt arrangert fem workshops med ulike målgrupper frå dei to organisasjonane med mål om å få god innsikt i både potensial og hindringar for å få til meir samhandling og felles deling av ressursar.

### 3.5 Leverandørutviklingsprogrammet

Helse Vest er strategisk partner i leverandørutviklingsprogrammet (LUP)<sup>5</sup>, og ønskjer gjennom partnerskapen å styrke kompetansen innan innovative offentlege anskaffingar i helseføretaka i Helse Vest. Som ledd i dette deltek Helse Førde på samlingar i regi av LUP for å få innsikt i dei ulike sidene ved innovative offentlege anskaffingar. LUP er eigd av NHO, KS, Innovasjon Norge og Forskingsrådet og har som oppgåve å gi råd til leverandørar på korleis ein kan gjennomføre innovative anskaffingar. Helse Førde har så langt ikkje nytta potencialet som ligg i denne type anskaffingar, men jobbar med å få opp kompetansen på området.

## 4. Oppsummering

Det er aukande aktivitet knytt til innovasjon, nye samarbeidsformer og forbetring i Helse Førde. Medarbeidarar ute i organisasjonen har etter kvart vorte meir kjend med moglegheitene som ligg i å delta i utviklingsarbeid. Det dukkar opp fleire prosjekt med utgangspunkt i eit opplevd behov i klinikk og andre delar av organisasjonen. Dette er ei gledeleg utvikling, og den medverkar til å gje arbeid i føretaket meir attraktivt og styrke engasjement og arbeidsglede. Det er då også bra at vi både lokalt og regionalt byrjar få på plass infrastruktur og retningslinjer som kan hjelpe dei som har gode idear i føretaket og også i samarbeidet med eksterne.

---

<sup>5</sup> [Forside - Innovative anskaffelser](#)